

 Vestland fylkeskommune	Rutine Tannbehandling i narkose <small>IKT og digitalisering/Tannhelsetenesta/Pasient/Pasientbehandling/Tilvising</small>		
Dokument Id: 5274 Versjon: 5 Status: Godkjent	Dokumentansvarlig: Siri Espedal Vold	Godkjent av: Siri Espedal Vold	Godkjent Dato: 22.10.2024

Kven skal vi tilvise?

- Tannbehandling i narkose er for pasientar som ikkje let seg behandle i vaken tilstand.
- Pasientar **bør**, om mogeleg, ha vore prøvd behandla med sedasjon på lokal tannklinikke, eventuelt tilvist til tannlege med lystgasskompetanse, før tilvising til tannbehandling i narkose.

Kven kan tilvise?

- Tannlegar
- Tannpleiar kan som hovudregel ikkje tilvise
- Kjeveortopedar bør ikkje tilvise direkte, og må tilvise via tannlege
- Fastlegar kan ikkje tilvise direkte, og må tilvise via tannlege

Kvar skal vi tilvise?

Tannbehandling i narkose blir utført ved:

- Tk Vestland spesialistklinikken
- Solheimsviken tannklinik
- Haukeland Universitetssykehus (HUS)
- Stord sjukehus
- Førde sentralsjukehus (FSS)

Pasientar over 4 år, og som kan klassifiserast etter American Society of Anesthesiologists klassifisering ASA I og ASA II kan ofte behandlast utanfor sjukehus.

Pasientar som blir klassifisert som ASA III og IV, samt born under 4 år, må få tannbehandling i narkose på sjukehus.

[ASA- klassifikasjon, norsk utgåve](#)

[ASA classification, english edition](#)

Tilbodet om tannbehandling i narkose omfattar allmenntannlegebehandling og spesialistbehandling av pasientar med rettar i den offentlege tannhelsetenesta. Vaksne betalande pasientar skal i hovudsak tilvisast til private tilbydarar, men kan i visse høve tilvisast til den offentlege tannhelsetenesta sitt narkosetilbod ved TkVestland.

Ventetid vil variere mellom dei ulike behandlingsstadane.

Kva må tilvisinga innehalde?

- Oppdatert personalia
 - Pasienten sitt namn, adresse, telefonnummer, og fødselsnummer
 - Namn og adresse på nærmaste pårørande, ev. hjelpeverje/verje
 - Pasientgruppe
- Oppdatert Opus helsekjema
- Behov for tolk og kva språk/dialekt
- Relevante kliniske og anamnestiske opplysningar
- Så detaljert oversikt over orale diagnosar som mogleg, slik at estimatet over kor lang tid pasienten treng i narkose blir så korrekt som mogleg

Vær oppmerksom på at dokumentet kan være endret etter utskrift.

Rutine Tannbehandling i narkose	Dokumentansvarlig: Siri Espedal Vold	Utskriftsdato: 23.10.2024
Dokumentansvarlig: Siri Espedal Vold	Godkjent av: Siri Espedal Vold	Dokument Id: 5274 - Versjon: 5

- Klinisk diagnostisk problemstilling
- Oppdatert behandlingsplan under «Planlagt» i Opus der det går fram kva behandling det blir tilvist for og som pasienten/føresette/verje er førespeglar
- Opplysningar om ev. trygderefusjon for gruppe D og vaksne betalande pasientar
- Opplysningar om trong for premedikasjon og ekstra tid til innsovning før narkose
- Samtykkeskjema
- Pasientopplysningar til anestesilegen – obs. diagnosar, vekt og høgde

Korleis blir tilvisinga vurdert?

Alle tilvisingar blir vurdert individuelt.

Faktorar som vert lagt til grunn for prioritering er

- alder
- smerte
- infeksjonsfare
- prognose for vidare behandling

Kva er tilvisar sitt ansvar før og etter tannbehandling i narkose?

- Informer pasient og pårørande godt om narkose og behandlingsforløpet. Skriftleg pasientinformasjon er tilgjengeleg via Dental Info.
- Skriv ut mal *Samtykke ved tannbehandling i narkose* fra Opus og skann inn signert skjema i journalen til pasienten før tilvising til narkose.
- Tilvisar har ansvar for pasienten fram til og etter ferdig narkosebehandling. Sett opp pasienten til hyppige besøk på den lokale tannklinikken i tida rundt tannbehandlinga i narkose. Målet med oppfølginga er å stanse kariesutvikling, gi profylakse og tilvenning.
- Tilvisande tannlege må vurdere om smertestillande til LAR-pasientar i forkant av tilvising til narkose. LAR-pasientar skal etter avtale med LAR-kontakt/lege kunne auke Metadondosen i forkant av narkosen med tanke på smertelindring. Anestesipersonell skriv ikkje ut smertestillande. Det er viktig å samarbeide med LAR-kontakt/lege for å avklare kva smertestillande som vil vere føremålsteneleg i god tid før tannbehandlinga i narkose.
- Tannklinikkar med pasientar som har fått tannbehandling i narkose ved **Førde sentralsjukehus** må føre inn utført tannbehandling i Opus (us, bw osv.) for å sikre at statistikken i Opus blir rett.

Kortid og kven skal fatte vedtak om tvungen helsehjelp?

Sjå rutine for [Vedtak om tvungen helsehjelp](#) i eHandboka for generell informasjon om kortid du skal fatte tvangsvedtak, kven som skal fatte vedtak og kven som skal ha tvangsvedtaket.

Det er behov for å fatte tvangsvedtak når pasientar eldre enn 16 år, utan samtykkekompetanse, motset seg nødvending behandling.

Ved tvungen tannbehandling i narkose er det tannlegen som skal utføre tannbehandling i narkose som fattar vedtaket.

Tilvisande tannlege skal sørge for at det finst tilstrekkeleg med opplysningar i journalen til at narkosetannlegen kan fylle ut skjema for tvangsvedtak.

Tilvisande tannlege skal sikre at det står spesifikt i journalen

- at pasienten manglar samtykkekompetanse, kven som har bestemt det, og kvifor.
- kva mentalt modnadsnivå pasienten har i tannbehandlingssituasjonen.
- korleis pasienten motset seg behandling.
- kva konsekvensar det får om pasienten ikkje får nødvendig tannbehandling.
- namn og adresse på pårørande, og utsegn frå dei om kva pasienten ville ha ønska av behandling.

Merk at om det er behov for å fatte tvangsvedtak, trengs det ikkje samtykkeerklæring ved tilvising.

Vær oppmerksom på at dokumentet kan være endret etter utskrift.

Rutine Tannbehandling i narkose		Utskriftsdato: 23.10.2024
Dokumentansvarlig: Siri Espedal Vold	Godkjent av: Siri Espedal Vold	Dokument Id: 5274 - Versjon: 5 Side 2 Av 4

[Skjema for tvangsvedtak](#), rettleiing for utfylling og meir informasjon finn du også på [Helsedirektoratet sine sider](#).

Meir du må vite om dei ulike tilvisingsinstansane for tannbehandling i narkose i Vestland

TkVestland Spesialistklinikken

Narkosen ved Spesialistklinikken tar imot tilvisingar på spesialistbehandling hos prioritert klientell gruppe A, B, C, D, E (rus) og innsette i fengsel.

TOO-pasientar blir behandla ved Spesialistklinikken etter tilvising **frå TOO**.

Narkoseteam ved TkVestland med spesialist og tannhelsesekretær har ansvaret for inntak og prioriteringar.

Tilvisinga må stå som ei grøn linje i OPUS-journalen med tilvalg: TkVestland narkose. Du får opp tilvisingsskjema ved å trykke på skrivar-ikon på verktøylinja nedst i journalen til pasienten. Då vil behandlande tannlege på narkosen kunne lese tilvisingsteksten direkte i journalen.

Gå på **Dokumenthåndteringssystem** i Opus og vel brevmalen «**Pasientopplysn. til anestesilegen. Narkose Bergen**». Fyll ut helseopplysningane i brevmalen og lagre i journalen før tilvisinga blir sendt per e-post.

OBS punkt 14 i skjemaet til narkoselegen; ta med alle **diagnosar, vekt og høgde**.

I tillegg sender du e-post til Narkosehenvisning.TKVestland@vlfk.no om at tilvisinga er skriven.

Ved behov for tolk så bestiller tilvisande tannklinikks tolk etter avtale med tannhelsesekretær i narkoseteam, telefon 98907468.

TkVestland TOO-pasientar

Fagleiar TOO og TOO-koordinatorar har ansvar for **vurdering om TOO-pasienten skal tilvisast til tannbehandling i narkose ved TkVestland**.

Prosedyre elles som TkVestland Spesialistklinikken over.

Send tilvising til odontofobiteam.bergen@vlfk.no

Ved behov for tolk så bestiller TOO-koordinator det i samråd med tannhelsesekretær for narkosetilbodet.

Haukeland Universitetssjukehus og Solheimsviken tannklinik

Narkosetilbodet ved Haukeland Universitetssjukehus og Solheimsviken tannklinik tar imot tilvisingar som treng allmenntannlegebehandling på prioritert klientell gruppe A, B, C, D, E (rus) og innsette i fengsel.

Tannlege og tannhelsesekretær i narkoseteamet har ansvaret for inntak og prioriteringar av pasientar til HUS og Solheimsviken tannklinik.

Tilvisinga må stå som ei grøn linje i OPUS-journalen med tilvalg: Solheimsviken tannklinik. Du får opp tilvisingsskjema ved å trykke på skrivar-ikon på verktøylinja nedst i journalen til pasienten. Då vil behandlande tannlege på narkosen kunne lese tilvisingsteksten direkte i journalen.

I tillegg sender du e-post til tanhelse.narkosehenvisning@vlfk.no om at tilvisinga er skriven.

Vær oppmerksam på at dokumentet kan være endret etter utskrift.

Rutine Tannbehandling i narkose

Utskriftsdato: 23.10.2024

Dokumentansvarlig: Siri Espedal Vold

Godkjent av: Siri Espedal Vold

Dokument Id: 5274 - Versjon: 5

Side 3 Av 4

Gå på **Dokumenthåndteringssystem** i Opus og velg brevmalen «**Pasientopplysn. til anestesilegen. Narkose Bergen**». Fyll ut helseopplysningane i brevmalen og lagre i journalen før tilvisinga blir sendt per e-post.

OBS punkt 14 i skjemaet til narkoselegen; ta med alle **diagnosar, vekt og høyde**.

Ved behov for tolk så bestiller tilvisande tannklinikks tolk etter avtale med tannhelsesekretær i narkoseteamet.

Helse Fonna

Områdeleiari Søraust er ansvarleg for tannbehandling i narkose på Stord sjukehus.

Tilvisinga må stå som ei grøn linje i OPUS-journalen. Du får opp tilvisingsskjema ved å trykke på skrivar-ikon på verktøylinja nedst i journalen til pasienten. Då vil behandlande tannlege på narkosen kunne lese tilvisingsteksten direkte i journalen.

I tillegg sender du e-post til [områdeleiaren](#) om at tilvisinga er skriven.

Helse Fonna sitt skjema for samtykke og helsekjema blir sendt til pasienten etter at tilvisinga er mottatt.

Helse Førde

Helse Førde ved Kjevekirurgisk poliklinikk har ansvaret for narkosebehandlinga ved Førde sentralsjukehus. I motsetning til dei andre narkosetilboda i DOT i Vestland, så er det her sjukehuset som «eig» pasienten. Pasientane kan difor nytta pasientreiser for å få refusjon for reisa til tannbehandling i narkose ved FSS. Tannbehandlinga i narkose blir utført av tilsette i DOT.

Ved FSS er det fagansvarleg ved Kjevekirurgisk poliklinikk som fattar tvangsvedtaka og sender til Statsforvaltaren. Det er difor svært viktig at det kjem fram om pårørande og evt. verje er opplyst om tvangsvedtak i tilvisinga, samt grunngjevinga for å utføre behandlinga som ligg til grunn for tvangsvedtaket.

FSS sitt eigenerklæringsskjema skal ligge ved tilvisinga.

FSS [Eigenerklæringsskjema norsk](#)

FSS [Eigenerklæringsskjema engelsk](#)

Førde sentralsjukehus ber om at pasientar som blir tilvist til narkose får utdelt Emlaplaster og informasjon om kvar desse skal plasserast og kvifor.

Fordi Helse Førde brukar anna elektronisk pasientjournalsystem enn tannhelsetenesta, så hugs å føre inn us, bw osv. slik at statistikken blir riktig i tannhelsetenesta sitt elektroniske pasientjournalsystem Opus.

Vær oppmerksom på at dokumentet kan være endret etter utskrift.

Rutine Tannbehandling i narkose	Godkjent av: Siri Espedal Vold	Dokumentansvarlig: Siri Espedal Vold	Utskriftsdato: 23.10.2024
		Dokument Id: 5274 - Versjon: 5	Side 4 Av 4